



ÅRSMELDING 2017 FOR EID SOKNERÅD

Leiar, Tor Olav Heldal, har i løpet av året flytta frå kommunen og gått ut av soknerådet. Han fortsette som leiar ein periode, men den geografiske avstanden gjorde det vanskeleg for gjennomføringa av vervet i praksis etter kvart. Nestleiar har så rykka opp, det er valt ny nestleiar og 1.varamedlem er blitt fast styremedlem.

Soknerådet ser frå november 2017, slik ut:

Leiar: Berit Heien Heggen ; Nestleiar: Øystein Åsebø, Kasserar: Anita Sørland Aase ;
Sekretær: Sigrunn Heggen Leivdal ; Faste medl: Kari Standal Pavelich, Dag Inge
Dæmring, Kristine Hansen, Ulf-Inge Kjerpeseth, Ragnhild Henden og Gyri Tolaas.
Vara: 1. Marita Røyset ; 2. Inger Mette Sefland ;
3. Tormod Isene ; 4. Rune Arve Hessevik

Arbeidet i soknerådet.

Eid sokneråd har hatt 5 møte og handsama 54 saker i 2017. Soknerådet er eit folkevald og lovheimla organ som har både praktiske og strategiske funksjonar i soknet.

Årsmøte og Soknemøte søndag 19 mars 2017.

Forrige årsmøte fann stad på Eid kyrkjetun 19. mars etter gudstenesta. Her vart årsmelding og rekneskap for 2016 lagt fram. Årsmeldinga vart godkjent med forslag til endringar. Desse endringane er tekne med i den endelige årsmeldinga som er arkivert.

Fleire medarbeidarar har slutta i løpet av året:

Beate Folkestad Osdal- kateket -
Øystein Mathisen – sokneprest -
Solveig Nome – trusopplæring - alderspensjon
Per Hagen –kyrkjetenar i Heggjabygda. Alderspensjon.

Vi er takknemleg for den innsatsen dei har gjort i arbeid for kyrkja, både dei som har vore tilsett lenge og dei som har vore kortare periodar.

Olav Sigurd Gundersen vikarierer som sokneprest i Eid og Stårheim. Både stillinga som trusopplærar og soknepreststillinga er lyst ut. Men så langt har ingen blitt tilsett i stillingane.

Marta Jenny Elvebakke har mellom anna ein del av ansvaret for at trusopplæringstiltaka blir gjennomført. Ungdomsprest Kaare Michael Christoffersen har det faglege ansvaret for gjennomføringa av trusopplæringa.

Gudstenester:

Det har vore 71 (69) gudstenester i 2017. Statistikken fortel om 6951 (7114) besøkande og 1193 (787) nattverdsgjester. (tal frå 2016 i parantes)

Dette året har det ikkje vore arrangert søndagsskule under preika.

Vi hadde 4 konfirmasjonsgudstenester i Eid kyrkje og ei i Heggjabygda kyrkje i 2017. Om sommaren har vi også hatt sæter-, frilufts- og tungudstenester.

Konfirmantarbeidet

I Eid sokn hadde vi 45 konfirmantar våren 2017. Kateket Beate F. Osdal har hatt ansvaret, saman med sokneprest Øystein Mathisen og ungdomsprest Kaare Michael Christoffersen. Medlemmene i soknerådet, og foreldre til fjoråret sine konfirmantar, stiller opp på konfirmantfesten, konfirmant-weekender og på

konfirmasjonsdagen for at dagen skal bli eit godt minne for livet - både for konfirmantane og familiene. Hausten 2017 starta 62 ungdomar undervisninga fram til konfirmasjon våren 2018. Ungdomsprest Kaare Michael Christoffersen og vikarierande sokneprest Olav Sigurd Gundersen har hatt ansvaret for undervisninga i haust.

Trusopplæring

Vi har ein godkjent trusopplæringsplan, men den skal forløpende reviderast. Det har vore 2 møter i trusopplæringsnemda i 2017. Hovudrevisjon av planen blir i 2018.

Ein har Babysong , kvar tysdag føremiddag på kyrkjetunet. Det er godt besøkt. Beate F Osdal og Asbjørn Eikenæs hadde ansvar våren 2017. Sistnemnde har hatt ansvar for Babysong frå i haust, og hatt med seg hjelparar.

Kyrkja i Eid har eit tilbod eller arrangement til nesten alle årsklassar barn og unge, opp til 18 år. Sjølv om bemanninga har vore lav i haust, har personale klart å gjennomføre arrangementa som var oppsett. Takk til frivillige som stilte opp og hjalp til.

HalloVenn: Dette er eit stort arrangement. Det er eit samarbeid mellom alle sokneråda i kommunen. Og det skal vere eit arrangement som økonomisk skal bere seg sjølv. Det er stor deltaking, ein reknar med 700-800 personar innom i løpet av dei få timane. Mange frivillige stiller opp som hjelparar på ulike aktivitetar for at dette skal la seg gjennomføre.

Nattkafeen: Ungdomsprest Kaare Michael Christoffersen har arrangert mange fredagar med nattkafe i 2017. Det er blitt fleire vaksne som engasjerer seg som vakter. Dette er eit godt tiltak for ungdom og bra besøkt. I gjennomsnitt har det vore mellom 30 og 60 ungdomar pr kveld.

Kor: Kantor arbeider for at ein skal få meir song under gudstenestene. **Koret** har øving på torsdagar. På ein del gudstenester har det vore med kvartettar eller songgrupper.

Andakter på Hogatunet (tidl. Eid sjukeheim) og Fossevegen bufellesskap (tidl. Eid Eldretun) kvar onsdag. Dette ligg under soknepresten sitt ansvar. Ralph Cupper og vikarierande sokneprest Gundersen har delt på denne oppgåva i haust.

Musikkutvalet har arrangert konsertar i løpet av året.

Grøn Kyrkjelyd

Eid sokneråd har i 2017 inngått avtale på å vere ein Grøn Kyrkjelyd. Det inneber m.a. å vere bevisst på korleis ein påverkar miljøet i arbeidet ein gjer.

Ungdomsgudstenester: Det er starta opp ungdomsgudstenester på jamn basis. Oppmøte har vore varierande.

Helgefred

Kyrkjebladet kom ut i ei utgåve i 2017, rett før jul. Det har ligge nede eit tid. Sigrunn Heggen Leivdal tok hovudansvaret for å lage bladet, og det resulterte i ei fin og innhaldsrik utgåve som fekk god tilbakemelding. Det er ikkje avgjort å kunne gje ut Helgefred i eit bestemt antal framover. Helgefred er basert på frivillig betaling og er heilt avhengig av auke i den, for å kunne halde fram. Ein er også avhengig av at nokon bidreg med innhald/stoff til bladet.

Gjevarteneste

Gåvene til arbeid i soknet utgjorde i 2017 kr 82.901,-. Av dette kvalifiserer kr. 57.590,- til skattefrådrag for gjevarane. Dei største gåvene er i 2017 gjevne til: Helgefred og Eid Kyrkjetun. Utan desse enkeltgåvene til kyrkjelege tiltak frå lokalbefolkninga, lokale organisasjonar og lokale bedrifter, ville vi ikkje hatt høve til å drive eit så omfattande arbeid som vi gjer.

Takkoffer i kyrkjene

I 2017 kom det inn kr 166.213,- gjennom offer i kyrkjene i Eid og Heggabygda. Dette er ein oppgang frå 2016. Frå mai 2017 er det mogleg å bruke VIPPS for å gje takkoffer. Det er fortsatt litt ukjent i bruk under gudstenestene, og må gjerast meir tydeleg. Konfirmasjons-gudtenestene på Eid var nokon av gongane dette vart nytta. Totalt er det komt inn 5900,-kr på VIPPS i 2017. Misjonsprospektet vårt, i Okhaldunga, Nepal, har fått 4 takkoffer dette året.

Samanslåing av fellesråd til Stad fellesråd

Det er oppnemt ei fellesnemnd som skal arbeide med samanslåing av fellesråda i Eid og Selje. Det er 2 representantar frå Eid sokneråd med i fellesnemnda.

Frivillige i teneste

Takk til alle som har stilt opp og lagar til kyrkjekaffi, er medliturgar eller kyrkjevertar under gudstenestene i kyrkjene våre. Dette er også viktige oppgåver i kyrkjelydsarbeidet.

Berit Heien Heggen
-soknerådsleiar-